



Saksframlegg

Sakshandsamar:	Dag Botnen, brannsjef	Arkivkode:	021
Arkivsak nr:	Repr 23/011	Dato:	13.05.2023

Handsamingsorgan:

Representantskapet for Haugaland brann og redning iks 15.05.2023 orientering

ORIENTERINGSSAKER

HANDSAMING:

Brannsjefen sin tilråding

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks tek saka til orientering.

Sakshandsaming i representantskapet 28.04.2023

Vedtak i representantskapet for Haugaland brann og redning iks

ORIENTERINGSSAKER:

Følgjande styresaker vert lagt fram til orientering:

23/027 – økonomisk vurdering av hovudbrannstasjon

23/028 – intensjonsavtale med Karmøy kommune

Haugesund, 31.03.2023

Dag Botnen
brannsjef

Vedlegg: 1. 23/027 – økonomisk vurdering av hovudbrannstasjon
 2. 23/028 – intensjonsavtale med Karmøy kommune



Saksframlegg

Sakshandsamar:	Dag Botnen, brannsjef	Arkivkode:	021
Arkivsak nr:	Styre 23/027	Dato:	26.03.2023

Handsamingsorgan:

Styret for Haugaland brann og redning iks	30.03.2023	vedtak
Representantskapet for Haugaland brann og redning iks	28.04.2023	orientering

ØKONOMISK VURDERING AV HOVUDSTASJON

HANDSAMING:

Brannsjefen sin tilråding

1. Styret for Haugaland brann og redning iks vurderer dei økonomiske tilhøva rundt ein hovudstasjon som forsvarleg og ber eigarane om å fortsette prosessen med ein hovudstasjon.

Sakshandsaming i styret 30.03.2023

Framlegg til vedtak ble samrøystes vedtatt.

Tilråding i styret for Haugaland brann og redning iks

1. Styret for Haugaland brann og redning iks vurderer dei økonomiske tilhøva rundt ein hovudstasjon som forsvarleg og ber eigarane om å fortsette prosessen med ein hovudstasjon.

SAKSOPPLYSNINGAR:

Det er kome ein bestilling frå kommunedirektør i Karmøy kommune 23.03.2023 om at det må føreligge ein vurdering av forsvarlegheit rundt dei økonomiske tilhøva i etablering av ein hovudbrannstasjon. Denne vurderinga må vera handsama i styret før Karmøy kommune kan sende ut anbudsmappe for ny brannstasjon på Raglamyr.

Saka må sjåast i samanheng med sak 23/028 – Leigeavtale med Karmøy kommune.

Det vert også vist til tidlegare sakshandsaming i styret og i representantskap samt ut frå selskapsavtale (styrande dokument). Sist vedtak i saka er i representantskapsak 22/012 – hovudbrannstasjon, oppfølging:

Vedtak i representantskapet

Representantskapet for Haugaland brann og redning iks ber om at hovedbrannstasjon vert iverset som planlagt.

Det er ikkje noko som tilseier at intensjonen med selskapet og dei vedtak som selskapet bygger på frå 2017 og fram til i dag, tilseier at prosessen med ein hovudbrannstasjon skal stanse. Styret bør derfor vidareføre dei føringar som er gitt i selskapsavtale og rapport av 2015 som selskapsavtalen bygger på.

ØKONOMI

Økonomi er lagt fram for representantskapet i sak 22/012 og i sak 21/008. Det er heller ikkje her forhold som gjer til at informasjonen som er gjeve har endra seg i større grad fram til i dag. Det er likevel laga ei oversikt over kostnader som tek høgde for oppdatert informasjon som er tilgjengeleg per i dag.

Sjå vedlegg 1.

KRAV OM Å STANSE PROSESSEN FOR HOVUDBRANNSTASJON

Det er den 22.03.2023 kome eit skriv til representantskapet og styreleiar frå Sveio kommune der dei ber om at sak om vesentleg auke i kostnadar ved etablering av ein hovudbrannstasjon vert handsama i representantskapet før anbodspapir vert sendt ut. Vidare vert det vist til at det ikkje føreligg ein alternativ plan for korleis selskapet skal handtere usikkerheita rundt Sveio kommune sin deltaking vidare.

Problemstillinga er vurdert juridisk av Samfunnsbedriftene, ref. e-post av 27.03.2023.

Sjå vedlegg 2.

VURDERINGER:

Det er utfordrande for etablering av hovudbrannstasjon dersom ein ikkje skal ha framdrift i påvente av avklaringar rundt selskapet. Den situasjonen har selskapet stått i over fleire år, og det bør derfor gjennomførast tiltak og fattast beslutningar for å skape den framdrifta som eigarstrategien legg opp til.

Usikkerheita som er meldt inn handlar om kva kostnad som ligg til eigarane om nokon trer ut av selskapet. Denne usikkerheita vil ligge til selskapet no, men også fram i tid så lenge det er mogleg å tre ut av selskapet.

Det er viktig å hugse på at hovudstasjonen ikkje er Karmøy sin beredskapsstasjon, men eit felles bygg for heile selskapet der alle tilsette som jobbar i alle eigarkommunane er samla. Det er ± 40 tilsette som jobbar med førebyggjande oppgåver, brannførebyggjarar (feiling og tilsyn), administrasjon og leiling.

Skal ein sjå på konsekvensar for ein eller fleire uttreden av eigarar frå selskapet, må dette ikkje berre sjåast opp mot hovudbrannstasjonen, men opp mot samtlege stasjonar.

Eigarane har fastsett å ha husleige som ein del av selskapet sin driftskostnad. Det vil seia at ein eigar med til dømes 10 % eigarandel kan investere i brannstasjonar i eigen kommune utan å betale meir enn 10 % av kostnaden. 90 % vert betalt av øvrige eigarar. Likevel, denne modellen forpliktar og gjer til at same eigar må betale sin andel (10 %) for leige på dei øvrige stasjonane i selskapet utanfor eigen kommune.

Det som også må vera ein del av vurderinga, er at hovudstasjonen ikkje er Karmøy og Tysvær kommune sin beredskapsstasjon, men eit felles bygg for heile selskapet der alle tilsette som jobbar i alle eigarkommunane er samla. Dette er ± 40 tilsette som arbeidar med førebyggjande oppgåver, brannførebyggjarar (feiling og tilsyn), administrasjon og leiling.

Det å bygga ein brannstasjon, om det er ein hovudstasjon eller ein annan stasjon, vil naturleg nok ha ein kostnad, noko som ikkje er nytt sidan rapport av 2015 vart lagt fram. Vidare skal pålegg frå Arbeidstilsynet lukkast, og dermed er det ikkje eit val om det skal byggast eller ikkje, men det endar opp med korleis fordelinga mellom eigarane skal skje. Fordelingsnøkkel ligg til selskapsavtala og det bør derfor gjerast ein vurdering av denne dersom eigarane er usikre på eigen kostnad inn i eit fellesskap.

Det er også viktig å minne om at alle andre stasjonar som vert ført opp, der vil me utelate visse fasilitetar då desse skal ivaretakast av hovudstasjonen som ressursstasjon. Eit estimat er at øvrige stasjonar får ein kostnadsreduksjon på 10 %.

Vedr. skriv frå Sveio kommune sitt krav om å handsama saka om hovudbrannstasjon på nytt i representantskapet og samstundes venta med utsending av anbod er vurdert av Samfunnsbedriftene. Sjølv om konklusjonen er at dette kravet ikkje er gyldig, vil det vera opp til eigarane å fatte endeleg beslutning. Styret kan gjera ei tilråding.

Husleiga for hovudbrannstasjonen vil auke, og husleiga for øvrige brannstasjonar vil auke. Øvrige kostnadar i samband med etablering av hovudstasjon vil i liten grad vera påverka samanlikna med dagens situasjon.

Det er vanskeleg å sjå at det er kome nye opplysningar i saka som tilseier at vedtak gjort fram til i dag har endringar i seg som gjer at prosessar må stansast. Styret bør derfor kunne stå for ein tilslutning om å vidareføre prosessen.

Haugesund, 29.03.2023

Dag Botnen
brannsjef

Vedlegg:

1. Økonomi – hovudstasjon
2. Skriv frå Sveio kommune av 22.03.2023
3. Vurdering av Samfunnsbedriftene
4. Notat - Vurdering av Sveio kommune sin del av hovudbrannstasjon

VEDLEGG 1 Økonomi for hovedstasjon

LØN

FAKTISKE KOSTNADER 2022 FOR STASJONER SOM ER BERØRT						
Stasjon	Antall	Funksjoner	Fast lønn inkl. f.p	Variabel lønn inkl. f.p	Sos. Utgifter	SUM
Bø	16	konstabler/utr.ledere	2 707 000	1 260 000	501 240	4 468 240
Vormedal	16	konstabler/utr.ledere	2 738 000	1 072 960	478 774	4 289 734
Tysværsvåg	16	konstabler/utr.ledere	798 000	328 160	141 702	1 267 862
Faste stillinger	4	Brigadeledere	2 900 000	740 320	451 645	4 091 965
						14 117 802
ESTIMERTE KOSTNADER MED 2022-TALL FOR HOVEDSTASJON						
Stasjon	Antall	Funksjoner	Fast lønn inkl. f.p	Variabel lønn inkl. f.p	Sos. Utgifter	SUM
Hovedstasjon	12	konstabler	5 591 583	1 612 800	896 782	8 101 165
	4	utr.ledere	1 863 861	716 800	324 015	2 904 676
	4	overtall (konstabler)	1 908 402	537 600	304 272	2 750 275
						13 756 116

HUSLEIGE ETTER OPPGRADERING

ALTERNATIV: HUSLEIEKOSTNADER 2022 FOR STASJONER SOM ER BERØRT OG MED UTGANGSPUNKT I AT DISSE MÅ OPPGRADERES						
Stasjon	Husleie	Teknisk drift	Selvkost			SUM
Bø	1 319 611	329 903				1 649 514
Vormedal	1 319 611	329 903				1 649 514
Tysværsvåg	1 319 611	329 903				1 649 514
Administrasjon	1 160 000	50 000	-121 000			1 089 000
						6 037 541
HUSLEIEKOSTNADER MED 2022-TALL FOR HOVEDSTASJONEN						
Stasjon	Husleie	Teknisk drift	Selvkost			SUM
Hovedstasjon	7 194 177	2 385 443	-2 873 886			6 705 734
						6 705 734

Kostnad for oppgradering av eksisterende stasjonar tek utgangspunkt i kostnad for Sveio stasjon.

Kostnad Tysværsvåg er vist ettersom avvikling er knytt opp mot etablering av ein brannstasjon på Raglamyr.

Kostnad for Administrasjon er faktiske kostnader for Diktervegen.

INVESTERINGAR

INVESTERING OG DRIFT AV KØYRETØY						
Stasjon	Mannskapsbil	Andre kjøretøy	Utstyr	Drift kjøretøy		SUM
Bø	225 000	200 000	50 000	100 000		575 000
Vormedal	225 000	200 000	50 000	100 000		575 000
Tysværsvåg	225 000	100 000	50 000	75 000		450 000
						1 600 000
B						
Stasjon						SUM
Hovedstasjon	450 000	200 000	150 000	300 000		1 100 000
						1 100 000

Her er det usikkerheit rundt tal. Det som er gjort som eit utgangspunkt er å rekne mannskapsbil for å ha ei levetid på 20 år og ein kostnad på 4,5". Restverdi og renter er ikkje medrekna og ein antar at desse veg opp for kvarandre. For andre kjøretøy er det rekna ei levetid på 10 år og kostnad på 1".

DRIFT

Det vert ikkje sett opp tal for drift, men foreløpige prognosar tilseier at kostnadsending er liten ut frå:

Nødnettsabonnement, vedlikehald m.m. vert redusert for Bø, Vormedal og Tysværsvåg stasjonar. Også kostnader for øvrige stasjonar vert redusert då mykje av service, vedlikehald m.m. vil bli gjennomført på hovudbrannstasjonen der det er fasilitetar og utstyr for dette. Dette medfører at driftskostnadane for hovudstasjonen vert høgare enn om denne skulle vera ein sjølvstendig stasjon utan drift inn mot øvrige stasjonar.

I alle høve, kostnadane er av ein storleik som ikkje er avgjerande inn mot vurdering av forsvarlegheit for hovudbrannstasjonen.

VEDLEGG 2 Skriv frå Sveio kommune av 22.03.2023



Sveio kommune

Styreleiar og kommunerepresentantar i Haugaland Brann og Redning IKS Dato: 22.03.2023

Dokumentnummer: 23/456-2
Dykkar referanse:
Saksbehandlar: Peter Olav Lura

HAUGALAND BRANN OG REDNING IKS - SVEIO KOMMUNE

Sveio kommunestyret har vedteke å greie ut kva som er kommunens mest høveleg organisering av kommunen sitt brann- og redningsvesen for framtida (KOM 082/21). Denne utgreiinga nærmar seg no avslutning, og det er venta ei avgjer om Sveio kommunes organisering av tenesta i kommunestyremøte 12. juni 2023.

Det er venta at anbod på ny hovudbrannstasjon til brannsam arbeidet leggas ut i nær framtid. Etter vår kunnskap er det inngått avtale om leige av den nye stasjonen mellom HBR, som framtidig brukar av brannstasjonen, og Karmøy kommune som eigar og utbygger. Det er signalisert at utgiftene til Haugaland Brann og Redning IKS (HBR) vil auke vesentleg når ny hovudbrannstasjon takas i bruk. Slik Sveio kommune ser det er ikkje denne auka dekkja inn i dei økonomiske rammene i selskapets vedtekte økonomiplan. Ein ber difor om at dette vert lagt fram sak om dette i representantskapet før ein går vidare med anbudsutlysing osv. Det er heller ikkje laga ein alternativ plan for korleis selskapet skal handtera usikkerheita kring Sveio kommunes vidare deltaking i selskapet, når det kjem til auke i utgifter ved ny hovudbrannstasjon.

Sveio kommune vil med dette gje til kjenne at kommunen meina seg fri frå eventuelle økonomiske forpliktingar selskapet måtte dra på seg som følgje av ny hovudbrannstasjon, fram til Sveio kommune har bestemt si vidare organisering av brann- og redningstenestene.

Med helsing

Jostein Førre
Rådmann

Linn Therese Erve
Ordførar

Dokumentet er godkjent elektronisk.

VEDLEGG 3 Vurdering av Samfunnsbedriftene

Fra: Elen Schmedling Gimnæs <elen.gimnas@samfunnsbedriftene.no>

Sendt: 27. mars 2023 15:54

Til: Dag Botnen <Dag.Botnen@hbre.no>

Emne: Behandling av sak i rep skap (Datalex ref: ESG-667)

Nedenfor følger en vurdering av saksforholdene slik de fremkommer av opplysningene. Vurderingen er overordnet og ikke uttømmende.

Bakgrunnen er at en av eierkommunene i Haugaland Brann- og redning IKS (HBR) i brev 22.03.2023 har bedt om at det fremmes (ny) sak for representantskapet vedr. finansieringen og dermed realiseringen av ny hovedbrannstasjon.

Ny hovedbrannstasjon

Representantskapet vedtok både 23.04.2021 og 23.03.2022 at ny hovedbrannstasjon skulle realiseres/iverksettes «som planlagt». Rep skapet behandlet videre i møte den 23.11.2022 sak om Beredskapsanalyse, der realisering av hovedbrannstasjon lå inne som en forutsetning. Sak om finansiering og igangsettelse av realiseringen av ny hovedbrannstasjon ble i samme møte 23.11 også behandlet som en del av handlings- og økonomiplanen for 2023-2026. Planen ble enstemmig godkjent, med følgende presisering:

Den forelagte økonomiplanen legger opp til vesentlig økte tilskudd fra eierne fra 2024, noe som strider mot det som har vært eiernes forventning til selskapet. Eierkommunene har stilt en klar forventning om et årlig innsparingskrav på 1 prosent per år fremover. Dette skal legges til grunn for arbeidet med budsjett- og økonomiplan 2024-2027. Representantskapet ber selskapet legge frem en revidert økonomiplan for 2023-2026 i løpet av 1. halvår 2023 hvor dette legges til grunn og som da vil være et forarbeid for selskapets arbeid med budsjett- og økonomiplan 2024-2027.

Det synes ut fra opplysningene klart at eierkommunene i HBR har vært enige om etablering av ny hovedbrannstasjon, og at arbeidet med denne skal igangsettes. Revidert økonomiplan jf. merknaden over, skal styrebehandles 30. mars og legges frem for rep skapet 28. april.

Brev fra eierkommune til selskapet

Spørsmålet synes ut fra det nevnte brevet å være:

1. Om eierkommunen kan kreve å få sak om finansiering av planlagt og vedtatt hovedbrannstasjon opp til (ny) behandling i rep skapet.
2. Om eierkommunen kan kreve at selskapet avventer anbudsutlysningen for bygging av hovedbrannstasjon inntil denne saken/spørsmålet nr. 1 er behandlet i rep skapet.

Nærmere vurdering

Etter IKS-loven § 8 første ledd skal representantskapets leder innkalle representantskapet til møte «når styret, revisor, minst en av deltakerne eller minst en tredel av representantskapets medlemmer krever det for behandling av en bestemt angitt sak». For HBR er samme bestemmelse inntatt i selskapsavtalen § 8. Etter ordlyden i loven og selskapsavtalen er det liten tvil om at en eierkommune i HBR kan kreve at «en bestemt angitt sak» skal behandles av rep skapet. Ordlyden utelukker ikke at den angitte saken helt eller delvis har vært til behandling av rep skapet tidligere. Jeg kan heller ikke se at forarbeidene sier noe mer om dette.

Imidlertid følger det av lovkommentarene til bestemmelsen (Rettsdata, Norsk Gyldendal v/Kristin Bjella) at krav fra en deltaker om møte i representantskapet for å fremme en bestemt angitt sak må ha grunnlag i et vedtak i kompetent organ innen vedkommende kommune, fylkeskommune eller interkommunalt selskap. Det foreligger ikke opplysninger her om at den nevnte eierkommunen har truffet kommunestyrevedtak om at sak vedr. finansiering og anbudsutlysning for ny hovedbrannstasjon skal fremmes for rep skapet i HBR. Det er dermed heller ikke tilstrekkelig at kommunen per brev ber om at sak om finansiering av hovedbrannstasjon skal opp til (ny) behandling i rep skapet, eller per brev anmoder om utsettelse av anbudsprosessen.

Det er isolert sett ikke noe rettslig til hinder for at en deltakerkommune via kommunestyrevedtak kan kreve at en saksforhold som tidligere er avgjort av rep skapet skal behandles på nytt. En slik form for eierstyring kan imidlertid få konsekvenser både for selskapets planlegging, virksomhet og omdømme, og kan bidra til å skape usikkerhet rundt samarbeidet. Eierstyringen skal for øvrig skje i eierorganet, og ikke via brev eller gjennom andre kanaler.

Det legges ellers til grunn at HBR må kunne planlegge, bygge og drive sin virksomhet ut fra de vedtakene som eierorganet faktisk har truffet om både lokalisering og realisering av ny hovedbrannstasjon, og etter de planer som er nedfelt handlings- og økonomiplanen for 2023-2026.

Oppsummert om sak for rep skapet

En eierkommune i HBR kan ikke kreve at det fremmes sak for representantskapet vedr. finansiering/realisering av ny hovedbrannstasjon, eller kreve utsettelse av anbudsprosessen for hovedbrannstasjon, uten at eget kommunestyre treffer vedtak om dette. Dersom slikt kommunestyrevedtak eventuelt skulle foreligge, må saken behandles på nytt av representantskapet, som treffer vedtak med 2/3 flertall.

Forbehold vedr. selskapets økonomiske forpliktelser

Når det gjelder spørsmålet om ansvar og økonomiske forpliktelser fremgår det av IKS-loven § 3 og av § 2-2 i selskapsavtalen for HBR at deltakerkommunene hefter ubegrenset for hver sin angitte eierandel i selskapet. Det rettslige utgangspunktet er at alle deltakerkommunene hefter for sin bestemte andel av forpliktelsene *så lenge kommunen er deltaker*. Når inngåtte avtaler og økonomiske forpliktelser for selskapet har sitt grunnlag i gyldige vedtak i rep skapet og/eller styret, så er hovedregelen at selskapet og deltakerne er bundet av dette. Den enkelte deltakeren kan ikke via brev til selskapet frasi seg ansvar for de økonomiske forpliktelsene selskapet har inngått eller pådrar seg ved avtale. Dersom kommunen ønsker å fri seg fra de forpliktelsene som selskapsdeltakelsen medfører, må kommunen i stedet si opp sitt deltakerforhold etter de alminnelige prosessreglene i IKS-loven.

Beste hilsen

Elen Schmedling Gimnæs

Advokat MNA
+47 48 28 75 50 | esg@samfunnsbedriftene.no



Haakon Vlls gate 9, Postboks 1378 Vika, 0114 Oslo
samfunnsbedriftene.no | [Facebook](#) | [Twitter](#)

VEDLEGG 4 Notat - Vurdering av Sveio kommune sin del av hovudbrannstasjon

Bakgrunn: Sveio kommune skriv i brev av 22.03.2023 at kostnadane vil auke vesentleg når ny hovudbrannstasjon er på plass, noko gjeldande økonomiplan ikkje tek omsyn til. Kommunen ber difor om sakshandsaming av dette skal handterast i representantskapet før anbodspapir vert sendt ut.

Vidare er et ikkje ein plan for korleis selskapet skal handtere usikkerheit rundt Sveio kommune sin vidare deltaking i selskapet.

Kostnad: Sveio har rett i at det vil vera større auke som følgje av etablering av ein hovudbrannstasjon, ei auke som i hovudsak skuldast auka husleige.

Sveio kommune sin eigarandel/plikt er per i dag 7,75 %. Kostnadsbilete er etter dette:

Husleige Raglamyr ¹ :	9 579 620,-
Sjølvkostområde (30 %) ² :	-2 873 886,-
<u>Reduksjon av stasjonar som vert lagt ned:</u>	<u>- 1 926 938,-</u>
<u>Sum:</u>	<u>4 778 796,-</u>
<u>Sveio sin andel:</u>	<u>370 356,-</u>

Vurdering: Det er kjent for Sveio kommune gjennom tidlegare saker kva kostnadar som ligg til hovudbrannstasjonen. Det vil vera variasjonar i det som vert lagt fram i all den tid det er usikkerheit rundt resultatet av ein anbodskonkurranse.

Sveio kommune peikar på at det ikkje er samsvar mellom økonomi- og handlingsplan og kostnadar rundt ein hovudbrannstasjon. Det er korrekt. Likevel handlar ikkje dette om hovudbrannstasjonen, men om dei samla kostnadane for selskapet.


Sveio kommune har sjølv sendt ut anbod på ny brannstasjon i eigen kommune som forpliktar heile selskapet. Også dette er ein del av dei samla kostnadane og heller ikkje dette er i samsvar med vedteke økonomi- og handlingsplan.

Å vera ein del av eit iks betyr at eigarane får dekkja sine kostnadar av fellesskapet, samstundes må kvar og ein bidra med sin eigarandel i form av tilskot.

Sveio kommune skal etablere to stasjonar der kostnaden for Sveio er 7,75 % og fellesskapet 92,25 %. Plikta må då vera at Sveio kommune bidrar inn til øvrige prosjekt med sine 7,75 %. Dersom ingen skal betale for brannstasjonane, då vil reknestykket vanskeleg gå opp.

Eit viktig punkt til sist: Ein hovudbrannstasjon er ikkje berre beredskap. Her skal det vera arbeidsplassar for brannførebyggjarar, tilsynsavdelinga, leiling og administrasjon. Vidare vil stasjonen serve teneste til samtlige andre stasjonar i selskapet i form av service og vedlikehald, ressursløyisingar, vask av vernebekledning med meir. Her har Sveio som dei øvrige 6 eigarane eit ansvar.

Kostnadsfordeling for stasjonar i Sveio



¹ Motteke Karmøy kommune 23.03.2023

² Dette er eit anslag per no.



Haugaland brann og redning iks

Saksframlegg

Sakshandsamar:	Dag Botnen, brannsjef	Arkivkode:	021
Arkivsak nr:	Styre 23/028	Dato:	26.03.2023

Handsamingsorgan:

Styret for Haugaland brann og redning iks	30.03.2023	vedtak
Representantskapet for Haugaland brann og redning iks	28.04.2023	orientering

AVTALE OM BYGGING AV HOVUDBRANNSTASJON– HAUGALAND BRANN OG REDNING IKS

HANDSAMING:

Brannsjefen sin tilråding

1. Styret for Haugaland brann og redning iks godkjenner framlagt avtale med Karmøy kommune om leige av hovudbrannstasjon.

Sakshandsaming i styret 30.03.2023

Sakstittel vert endra frå å vera ein leigeavtale til intensjonsavtale.

Framlegg til vedtak ble samrøystes vedtatt.

Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

2. Styret for Haugaland brann og redning iks godkjenner framlagt avtale med Karmøy kommune om leige av hovudbrannstasjon.

SAKSOPPLYSNINGAR:

Det er kome ein bestilling frå kommunedirektør i Karmøy kommune 23.03.2023 om at det må føreligge ein signert leigeavtale mellom Haugaland brann og redning iks som leigetakar og Karmøy kommune som utleigar før Karmøy kommune kan sende ut anbodspapir for ny brannstasjon på Raglamyr.

Saka må sjåast i samanheng med sak 23/027 – økonomisk vurdering av hovudbrannstasjon.

Det vert også vist til tidlegare sakshandsaming i styret og i representantskap samt ut frå selskapsavtale (styrande dokument). Sist vedtak i saka er i representantskapssak 22/012 – hovudbrannstasjon, oppfølging:

Vedtak i representantskapet

Representantskapet for Haugaland brann og redning iks ber om at hovedbrannstasjon vert iverksett som planlagt.

Etter dette har ein utsetjing av etableringa vore sak i kommunestyret i Karmøy kommune som følge av krav om forvaltningsrevisjon av selskapet. I kommunestyremøte 20.03.2023, sak 029/23 vart kravet avvist.

22.03.2023 kjem det eit skriv frå Sveio kommune der dei ber selskapet om å stanse vidare prosess som følge av vesentleg auke i kostnad samt usikkerheit rundt eigen kommune si framtid i selskapet. Kravet frå Sveio kommune er vurdert i sak 23/027.

VURDERINGER:

Det føreligg det ikkje noko som tilseier at ein ikkje skal inngå leigeavtale med Karmøy kommune på noverande tidspunkt i all den tid at selskapsavtale og vedtak i prosessen er gjort. Dersom det kjem nye føringar frå eigarane, må dette handterast på eigar-/politisk nivå.

Avtala som er lagt fram er ein avtale som forpliktar selskapet i å inngå ein leigeavtale. Sjølve leigeavtale vil bli utarbeidd på eit seinare tidspunkt.

Avtala stemmer overeins med dei kostnadar som er lagt fram i samband med prosjektering av hovudbrannstasjonen.

Haugesund, 29.03.2023

Dag Botnen
brannsjef

Vedlegg: 1. Avtale om bygging – hovudbrannstasjon

VEDLEGG 1 – AVTALE OM BYGGING AV HOVUDBRANNSTASJON

AVTALE

mellom

KARMØY KOMMUNE

og

HAUGLAND BRANN OG REDNING IKS

OM BYGGING AV NY HOVEDBRANNSTASJON M.M.

1.

Ved opprettelsen av Haugaland Brann og Redning IKS, heretter benevnt HBR, var det forutsatt at det skulle bygges ny hovedbrannstasjon. HBR har nå sammen med Karmøy kommune, som vertskommune for ny hovedbrannstasjon, besluttet å bygge den nye stasjonen på Karmøy kommunes tomt på Raglamyr.

Det følger av HBR's vedtekter at brannstasjonene skal eies av vertskommunen, og at HBR er leietaker.

Leiebeløpet skal baseres på kostpris inklusiv tomteverdi, og leiebeløpet skal beregnes ut fra samme modell som er lagt til grunn for beregning av leiebeløp for HBRs øvrige leiekontrakter, jfr. for øvrig selskapsavtalens pkt. 2-5.

2.

Prosjektet har en øvre kostnadsramme eks. tomt på kr. 138.4000.000,- eks mva. , og basert på dette er årlige finanskostnader pt inklusiv avskrivninger av bygget beregnet til ca. kr. 7.300.000,-. Her til kommer øvrige driftsutgifter stipulert til ca. kr. 2.385.000,- inkl. strøm. .

I beregningen er tomteverdien medtatt med ca. kr.22.000.000,-.

3.

HBR er kjent med prosjektet og prosjekteringsunderlaget, og godkjenner gjennom denne avtalen byggets utforming med tilhørende spesifikasjoner, øvre budsjetttramme og beregnet leienivå. I denne godkjenningen ligger også forutsetningen om at HBR etter at bygget er ferdigstilt, plikter å signere en langsiktig leiekontrakt basert på ovennevnte leieprisnivå.

4.

Karmøy kommune har ansvaret for at prosjektet kan realiseres innenfor ovennevnte budsjetttramme.

I den grad anbudskonkurransen for totalentreprisen viser at budsjettrammen er for lav, må konkurransen avlyses, med mindre partene er enige om å øke kostnadsrammen.

Alle endringer av betydning for det ferdige bygget , herunder eventuelt også kostnadsøkninger som vil øke leiebeløpet, skal godkjennes av HBR i forkant.

Begge parter plikter å gjøre sitt til at prosjektet kan gjennomføres etter vedtatte planer og denne avtale.

Denne avtale er opprettet i to eksemplarer – ett til hver av partene.

Sted, dato

Karmøy Kommune

Haugaland Brann og Redning IKS